



Neil Hill

MINNETALE OVER PROFESSOR KNUT HELLE

halden på møte
3. november 2016

av professor Narve Bjørgo

Professor Knut Helle døydde 27. juni 2015, i sitt 85. år. Dermed var ein av dei store i norsk historieforskning, historieskriving og det eg vil kalle fagleg entreprenørskap gått bort. Han var sjølv blitt ein mann for historiebøkene.

Knut vart fødd i Larvik 19. desember 1930, og voks opp i ein lærarfamilie saman med fire yngre brør. Da han var 17 år gammal, flytta familien til Hetland ved Stavanger. Etter examen artium fullførte han i 1952 treårig lærarutdanning med engelsk ved Kristiansand lærarskole. I 1956 tok han bifagseksamen i historie ved Universitetet i Oslo, før han i 1957 vart cand. philol. frå Universitetet i Bergen, med hovudfag i nordisk og hovudoppgåve i norrøn filologi. Denne oppgåva (*Omkring Bøglungasøgur*, trykt 1959) er ei viktig og høgt vurdert avhandling i skjeringsfeltet mellom filologi og historie, og frå 1958 til 1963 var Knut forskings- og universitetsstipendiat ved det nyskipa Historisk institutt, Universitetet i Bergen. Her vart han verande livet ut: dosent frå 1963, og deretter professor frå 1973 til 2000, da han gjekk over i eit særst aktivt og rikt pensjonisttilvære.

Knut Helle hadde ein uvanleg omfattande og variert fagleg produksjon. Men det var særleg studiet av norsk politisk historie i høgmellomalderen (ca.1130–1319/1350) som vart hans mest varige tematisk-kronologiske tyngdepunkt, og som tidleg og meir enn noko anna gav han ein markant og høgt respektert profil i ulike fagmiljø.

Grunnlaget og retninga for dette arbeidet formulerte Helle alt i 1961, i ein større programartikkel i *Historisk Tidsskrift: Tendenser i nyere norsk høymiddelalderforskning*. Her retta han eit myndig og kritisk søkelys mot

”spekulative helhetsoppfatninger” hos representantar for dei to siste generasjonane av norsk mellomalderforskning. Deira marxistisk inspirerte grunnsyn hadde gjort kongedømmet til tenande reiskap for landets jordeigande aristokrati. Helle avviste denne ”redskapsteorien” fordi den såg bort frå tilgjengelege kjelldata om personleg og sjølvstendig kongeleg maktutøving, og meir allment mangla tilstrekkeleg empirisk forankring. Artikkelen munna ut i kravet om eit veritabelt ”opprydningssarbeid” etter strenge metodiske og kjeldekritiske kriterier, for å ”finne fram til hvor vi står”.

Aller tydelegast er forskingsprogrammet frå 1961 realisert i den grunnleggjande monografien *Konge og gode menn i norsk riksstyring ca. 1150–1319* (1972). Her analyserer Helle det sentrale norske regjeringsapparatet i funksjon, med hovudvekt på dei rådgjevarar kongane knytte til seg gjennom større politiske møte (”riksmøte”) og eit seinare og mindre kongsråd. Hans konklusjon er at slike organ aldri utvikla bremsande konstitusjonelle band på kongens personlege maktstilling. Sterke og handlingsdyktige regentar hadde derfor ein reell ”retningsgivende innflytelse” på rikspolitikken. Samtidig understreka han at statsmakta langt på veg var todelt mellom kongedømme og kyrkje. Helles avhandling har dimensjonar og kvalitetar som gjer den til eit klassisk standardverk i norsk historieskriving.

Ein viktig del av Helles faglege produksjon er publisert i større historiske samleverk. Hans bidrag til serien *Handbok i Norges historie, Norge blir en stat 1130–1319* kom alt i 1964 (rev. utg. 1974). Den endra læreboksjangeren i norsk historie på universitetsnivå ved måten stoffet er strukturert og disponert på, og særleg ved fyldige kjelde- og forskingshistoriske oversyn, og kapittelvis ordna litteraturlister.

Etter det krevjande arbeidet med ‘Konge og gode menn’ gjorde Helle *byhistorie* til sitt nye forskingsfelt. Han skreiv med stor innleving om det eldste Stavanger i boka *Stavanger fra våg til by* (1975). Men som byhistorikar er namnet hans først og fremst knytt til det ruvande første bindet av Bergen bys historie: *Kongssete og kjøpstad. Fra opphavet til 1536* (1982). Her brukte han lang tid og mykje omtanke på å bygge opp store emne- og personarkiv, og kunne derfor skrive ei utprega *kjeldenær* byhistorie. Samtidig makta han å gi framstillinga eit naturleg og samanhengande episk preg for eit allment historisk interessert publikum.

Helle vart etter kvart også ei formande kraft i det *redaksjonelle* arbeidet med slike samleverk. Han var medredaktør i Aschehous 16 binds verds-historie (1982–1993), og skreiv sjølv eit interessant og godt disponert bind om *Nomadefolk og høykulturer 1000–1300*. Aschehoug gav på 1990-talet også ut ein serie i 12 bind om norsk historie, no med Helle som hovudre-

daktør. Helles bind har tittelen *Under kirke og kongemakt 1130–1350*. Her skriv han med særleg innleving om kyrkjelege forhold, åndsliv og kunst. Begge Aschehoug-seriane vart umåteleg populære, og relanserte i lett revidert form tidleg på 2000-talet. Verdshistoria vart jamvel omsett til svensk, finsk, islandsk og fransk.

Frå slutten av 1970-talet og fram til han døydde, var Knut med i redaksjons- og forfattararbeidet av eit titals større og mindre samleverk, med stor tematisk spennvidde. Forutan Aschehoug-seriane vil eg spesielt trekke fram hans grundige arbeid som redaktør, språkrøktar og sentral forfattar i første bind av *The Cambridge History of Scandinavia* (2003). Før dette hadde han publisert ein god del artiklar i engelsk språkdrakt, og dessutan teke eitt av sine stipendiatår (1962–63) ved Oxford University. I engelske og skotske universitetsmiljø fekk han derfor tidleg viktige kontaktar, og etter kvart fleire oppdrag både som førelesar og doktorgradsopponent. Men det var Cambridge-boka som gjorde namnet hans og arbeidet hans med norsk mellomalder meir allment kjent i større internasjonale fagmiljø.

Knuts siste store redaktør oppgåve var firebindsverket *Stavanger bys historie* (2012). Her skreiv han – som sitt siste arbeid – eit eige tilleggsbind på engelsk som samanfattar Stavangerhistoria frå opphav til nåtid. Det har nettopp kome frå forlaget, og er i norsk samanheng eit unikt pionerprosjekt.

Kva var det som gjorde Knut til ein så sentral *gruppeleiar* av så mange og så ulike bokprosjekt? Sjølv samarbeidde eg med han i trebindsverket *Vestlandets historie* (2006), der han både var hovudredaktør og sentral fagleg bidragsytar. Mine røynsler herifrå, og samtalar med forfattarar i andre samleverk, vil eg samanfatte slik: Knut var *fagpedagogen*, som kunne få ulike forfattarindivid til å trekke saman i og om eit fellesprosjekt. Han formulerte realistiske forfattarinstruksar, og gav alltid fyldige skriftlege kommentarar til bunkar av manuskript i ulike fasar av skriveprosessen. Og ikkje minst var han oppteken av at kvart enkelt bidrag skulle utgjere ein formidlande heilskap av tekst, illustrasjonar og grafikk. I sum vil eg kalle dette ein inkluderande og tydeleg leiarstil. Berre på eitt punkt var han urokkeleg: avtalte tidsfristar skulle haldast. Den eigenskapen var åleine med å opne nye prosjekt og nye forlagsdører for fagredaktøren Knut Helle.

Knut skreiv også ein stor og flott utstyrt monografi om *Gulatinget og Gulatingslova* (2001). Framstillinga omfattar fire sekel vestnorsk rettshistorie, frå slutten av Harald Hårfagres tid til tinget kring 1300 vart flytta frå Gulen sør for Sognefjorden til Bergen. Grunntema er Gulatinget i funksjon som møtestad mellom kyrkje, kongedømme og bondesamfunn. Analysen av skiftande maktforhold innanfor dette triangelet er etter mitt skjønn noko av

det beste Knut gjorde som faghistorikar og fagformidlar. Boka har kvalitetar både som folkelesnad og som eit viktig læreverk i norsk rettshistorie.

Faglege debattar, som til tider kunne vere konfrontasjonar med høg temperatur, var ein sentral og svært synleg del av Knut Helles vitskaplege liv, like til hans seinare leveår. Hans skarpaste kritikar gjennom mange år var Kåre Lunden. Dei såg ulikt på høgmellomalderstatens karakter, og på bruken av heilskapsoppfatningar i historisk forskning. I 2009 skreiv Helle ein særskild grundig artikkel i *Historisk Tidsskrift* om *Den primitivistiske vendingen i norsk historisk middelalderforskning*. Han meinte antropologisk inspirerte analogiar hadde gjort ”fortidens annerledeshet” – økonomisk og politisk – større enn det var fagleg grunnlag for. I ettertid er det naturleg å lese denne artikkelen som bidrag til Knuts fagpolitiske testament.

I tillegg til sin store faglege forfattarskap, redaksjonsarbeid og mange universitets- og forskingspolitiske verv, var Knut ein glimrande *universitetslærer*. Hans førelesingar var prega av fast arkitektur og klar formuleringsevne, altså dei same kvalitetar som gav form og farge til hans skriftlege arbeid. For sine mange hovudfags- og doktorgradsstudentar var han ein grundig, vennleg og alltid oppmuntrande rettleiar. Dette veit eg mykje om, fordi eg var hans første hovudfagsstudent medan han enno var stipendiat. I ettertid har eg vore ikkje lite stolt over denne førsteplassen!

Knuts formidlingsevner vart sjølv sagt tidleg kjende – og etterspurde – i ulike møtesamanhengar, frå enkle pensjonisttreff i nærområdet til store konferansar i inn- og utland. Denne verksemda dreiv han aktivt gjennom meir enn femti år, og han fekk fleire prestisjetunge prisar for sitt omfattande og høgt verdsette formidlingsarbeid: Frå Noregs allmennvitskaplege forskingsråd (1987), frå Den norske historiske forening (Sverre Steen-prisen 2008), og frå Gulen kommune (Gulatingsprisen 2014). Frå dette akademiet fekk han i 2001 forskingspris for sitt samla historiske forfattarskap: *Fridtjof Nansens belønning for fremragende forskning*.

Knut Helle var medlem av Det Norske Videnskaps-Akademi frå 1972; Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab, Trondheim frå 1984; Det Kgl. Danske Selskab for Fædrelandets Historie frå 1986; The Royal Society of Edinburgh frå 2005.

Knut hadde mange interesser utanom dei strengt faglege. Han var glad i norsk natur, og ferdast der så ofte han kunne. Å få vere med på sauesanking i Sunnfjord, der farsslekta kom frå, kunne stundom fortone seg nesten like viktig som å skrive ein god vitskapleg artikkel. Dessutan var han eit utprega vennesælt menneske, glad i godt lag og med ein stor og mangslungen vennekrets. Om han som avslutning på ein fin kveld resiterte Claes Gills vakre

dikt ”Sommeren vesterut”, fekk vi alle – Knut inkludert – ei høgtidssam og nesten mollstemt kjensle med oss på heimvegen.

*

Knut Helle var eit klokt og allsidig utrusta menneske, med høg personleg og fagetisk integritet. Hans åndskraft, hans store arbeidsevne og arbeidsdisiplin, skapte eit ruvande livsverk i norsk historieskriving, både som forfattar og fagleg organisator.

Vi saknar han, og vi heidrar minnet hans.